

**Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har behandla sak 44/2025 i møte den
17.06.2025**

Behandling

Det vart avklart at dette gjeld tomtene 26 og 27 og ikkje 24 og 25, der tomtene 26 og 27 blir flytta mot nord-vest til eit område som er NiN-kartlagt. Før møtet fekk medlemene i STNR pr epost ei teikning som viste denne plasseringa. Tidlegare plassering av tomtene skal regulerast som omsynssone naturmiljø (H560), med supplerande føresegn om forbod mot hogst og mot tekniske inngrep. Planen kan sendast på avgrensa høyring.

Votering

Mindretallet (1 SV) røysta for rådmannen si innstilling.

Fleirtalet (2 Ap, 2 Sp, 2 H) gjekk inn for sektorutval for teknisk, næring og ressurs sitt framlegg.

Vedtak

STNR tek klaga delvis til følgje jf. forvaltningslova § 33 andre ledd. Grunna ny kunnskap om naturtype skal tomtene 26 og 27 flyttast til området nedanfor tomtene 16 og 17. Tidlegare plassering av tomtene regulerast som omsynssone naturmiljø (H560), med supplerande føresegn om forbod mot hogst og mot tekniske inngrep. STNR vedtek å sende planen ut på avgrensa høyring.

